

Send merknader til arealdelen i Kommuneplanen.

02.11.2016



Vel 30 personar møtte fram til informasjonsmøte om arealdelen til K. planen.

Arealplanleggjar Kjartan Thoresen oppmoda alle om å senda merknader og innspel til arealdelen i Kommuneplanen 2016 - 2026. No gjeld det ein overordna plan for heile kommunen. Seinare kjem områdeplan for Uskedalen i 2018. Uansett: Send merknader. Noko kjem med i planen, noko vert lagt på vent til 2018 og noko vert stroke fordi det er brot med viktige sentrale føringar.



Det var interessant å høyra på Kjartan Thoresen i kveld

Om lag 30 personar møtte fram til informasjonsmøte i kveld. Utfordringa er å laga ein plan med større fridom til å byggja innan visse rammer og som Fylkesmannen og Departementet kan godta. Dette gjeld til dømes bygging i strandsona med det som har vore 100 meters grensa. No vil ein prøva ei funksjonell byggegrense og dermed mjuka opp regelverket.

Nytt er også det ein kallar LNFS, småskala næringsverksemder i område tenkt for landbruk, natur og friområde. Det kan vera kafedrift på eige tun. Eksisterande reguleringaplanar ligg fast, men kan endrast utan å gå via Kommuneplanen. Å sikra areal til parkering er noko ein må ta med i Områdeplanen i 2018, det same med tilgang til friområde og badestrand.

Thoresen bad særleg om merknader derom ein finn feil i planen. Det kan vera at ein overser frådelte og godkjende tomter. Ta kontakt og bed om møte med plankontoret.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/Kristian Bringedal